



Lærdal kommune

Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 05.05.2026

Møtetid: Kl. 13:00 - 15:45

Møtestad: Lærdal rådhus

Saksnr.:

Følgjande medlem møtte	Parti
Björg Nesse	
Inger Solheim	
Anne Marie Hovland	
Øyvind Hamre	

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Jostein Bøthun		Anne Grøtnebø	

Møteleiar:	Anne Marie Hovland
Frå adm. møte:	Kommunedirektør Gunn Lerøy og møtesekretær Jorunn Hatlevoll
Dokument utlevert i møtet:	

Merknader:

Björg Nesse deltok i møtet via Teams

Saksliste

Sak nr	Sakstittel	Gradering
PS-004/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS-005/26	Referatsaker	
PS-006/26	Orientering, meldingar og skriv	
PS-007/26	Godkjenning av Møteprotokoll	

004/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjend

05.05.2026 Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke

ELD - 004/26 Vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjend

005/26 Referatsaker

Tilråding:

Referatsakene vart tekne til orientering.

05.05.2026 Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

ELD - 005/26 Vedtak

Referatsakene vart tekne til orientering.

006/26 Orientering, meldingar og skriv

Kommunedirektøren si tilråding:

Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsvene tek orienteringa til vitande.

05.05.2026 Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Handsaming i møtet:

Saker:

- Orientering frå ordførar
Ordføraren var til stades og orientert generelt om saker som er aktuelle i kommunen
- Orientering frå kommunedirektør
Kommunedirektøren orienterte om årsrapport og årsrekneskap 2025 som no skal opp til handsaming i formannskapet og kommunestyret. den viser at kommunen har hatt eit godt økonomisk år. Gjeldsgraden er gått ned og me har ein sunn kommuneøkonomi.
- Samfunnsplanen - høyringsinnspel
Kommunalsjef Trine Grøttebø og arealplanleggar Sissel Øye var til stades og orienterte om framdrifta til samfunnsplanen. Rådet sender inn høyringsuttale. Arealplanleggar Sissel Øye informert om Trafikktyggleiksplanen og tok med seg innspel frå Rådet.
- Orientering om Klyngetun
Kommunedirektøren informerte om arbeidet med planen om å etablere eit klyngetun. Kommunen skal etablere eit bufellesskap (omtala som klyngetun), der fire eller fem personar kan kjøpa eigen bustad. Bufellesskapet skal ha personalbase og fellesareal i same bygg.
- Informasjon om legetenestene i Lærdal
Leiar for legetenesta i Lærdal Malin Partenyi informerte om arbeidet med å lage ein plan for legetenestene i Lærdal. Ho ynskjer å få innspel til denne planen. Det vart drøfta ulike måtar som kan vere til hjelp for å innhente tilbakemeldingar frå innbyggjarane.
- Oppsummering - spørjeundersøking frå temadag for eldre v/Guro Nesse
Kulturrådgjevar Guro Nesse gjekk gjennom tilbakemeldingane som kom fram av spørjeundersøkinga som vart gjennomført på fagdagen for eldre som var 18. mars 2026
- Planlegging av eldredagen 2026 v/Guro Nesse
Det vart drøfta ulike tema og gjennomføring av eldredagen 2026. Det ver jobba vidare med dei ulike innspela.
- Referat frå samling i Leikanger med tema "Bu trygt heime"
Leiar for Rådet Anne Marie Mo informerte frå samlinga på leikanger som Statsforvaltaren hadde invitert til. Frå Lærdal deltok leiaren for rådet og kommunalsjef Marianne Voldum og leiar for pleie og omsorg Toril Tørvi Grøthe.
- Høve til å ha møte i Rådet ved behov.
Det er ynskje om å ha møte i Rådet når det kjem saker som skal til handsaming og det er lenge til neste møte som er oppsett i møtekalenderen. Leiaren fekk tilbakemelding på at det var greitt.

ELD - 006/26 Vedtak

Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsvne tek orienteringa til vitande.

007/26 Godkjenning av Møteprotokoll

Tilråding:

Møteprotokoll vert godkjend

05.05.2026 Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken

ELD - 007/26 Vedtak

Møteprotokoll vert godkjend